Ekro, Rusti og Eikevegen

VA-Anlegg

Stord Vatn og Avløp AS

DEL I –

Tilbodsinnbyding og konkurransegrunnlag

Innhald

1 Tilbodsinnbyding 3
2 Prosedyreform og kunngjering 4
3 Kontaktpersonar 7
4 Grunnlag for tilbodet 7
4.1 Konkurransegrunnlaget 7
4.2 Spørsmål til konkurransen 8
4.3 Synfaring og informasjonsmøte 8
4.4 Viktige datoar 9
5 Tilbodet 9
5.1 Tilbodsutforming 9
5.1.1 Organisering av tilbodsdokumenta 9
5.1.2 Språk 10
5.2 Innhald i tilbodet 10
5.2.1 Atterhald og avvik 10
5.3 Mangelfull prisutfylling 10
5.3.1 Deltilbod 10
5.4 Vedståelsesfrist 10
5.5 Levering av tilbodet 10
5.5.1 Krav til innlevering av tilbod 10
5.6 Offentleglova 11
5.7 Tilbodskostnader 11
5.8 Tilbodsopning 11
5.9 Protokoll 11
6 Kvalifikasjonskrav 11
6.1 Generelt 11
6.1.2 Tilbod frå gruppe 12
6.1.3 Støtte frå andre verksemd 12
6.2 Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling 12
6.3 Leverandørens økonomiske og finansielle soliditet 13
6.4 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar 13
6.4.1 Skatteattest 15
7 Bruk av underleverandørar og tall på ledd i leverandørkjeda 15
7.1 Maksimalt tall på ledd i leverandørkjeda 15
7.2 Opplysningar om underleverandørar som leverandøren ikkje støtter seg på 15
8 Tildelingskriteria 15
Vedlegg til konkurransebeskrivelsen 18
VEDLEGG 1: MAL FOR TILBODSBREV 18

Prisskjema..... 19
Tilbydd pris eks. mva. 19

1 Tilbodsinnbyding

Stord vatn og avløp AS, ynskjer tilbod på oppgradering av VA-anlegget i området Ekro, Rusti og Eikevegen, samt etablering av ny kabelgrøft mellom Villavegen og Hystadvegen, frå tilbydarar med det faglege og økonomiske grunnlag som er naudsynt for oppfylling av kontrakten.

Omfanget av arbeidet er i hovudsak å etablera nytt VA-anlegg i Ekro, Rusti og Eikevegen på kring 480m. Det blir etablert separate leidningar for spillvatn og overvatn, og alle nye hovudtrasear blir lagt i veg. Stikkleidningar for vatn blir tilknytt samlestokk og det blir etablert hydrantar/brannventilar for å betre brannvassdekninga i området. Vassleidning oppgraderast til større dimensjon, PE ø280 i Rusti og PE ø180 i Ekro og Eikevegen. Eksisterande stikkleidningar tilkopla kommunal VA i dag vert ivareteke. For eigendommar utan stikk vert det tilrettelagt for framtidig tilkopling. Det skal etablerast ny vegoppbygning der vegen blir grave opp, elles reasfalterast.

Stord Vatn og Avløp AS stiller eigedomen Ekro 1 til disposisjon som riggplass og mellombels parkeringsareal for berørte naboar i anleggsperioden. Gjeldande leigeavtale med grunneigar har ei varigheit fram til 17.01.2028, og entreprenøren må planleggje og gjennomføre arbeidet innanfor dei rammene dette medfører. Leigeavtalen gir byggherre rett til å nytta Gn/br 26/378 som riggplass og parkeringsplass til anleggsarbeidet med nytt VA-anlegg. Blant anna gjeld dette plassering av brakker, lagring av utstyr og masser samt parkering av køyretøy og anleggsmaskinar.

I samband med etablering av VA-grøft skal andre kabeletatar heilt eller delvis sanere og fornye eigne anlegg innanfor tiltaksområdet. Dette omfattar mellom anna høgspenn-, lågspenn-, tele- og fiberanlegg. Veglys er inkludert som opsjon. Dersom opsjonen vert utløyst, skal arbeidet med veglys inngå som ein del av entreprisen og arbeidsgrunnlaget.

Fagne skal etablere ny høgspenttrase mellom Villavegen og Hystadvegen. Traseen er om lag 300 meter lang hovudgrøft (370m inkl. stikkgrøfter) og omfattar òg etablering av nytt lågspentanlegg

på strekninga og i tilstøytane område, etablering av ny nettstasjon samt ombygging i eksisterande nettstasjon. Fagne held alt naudsynt materiell til eigne arbeid.

Desse arbeida utgjer ein kritisk føresetnad for prosjektet. Arbeida i Rusti kan ikkje startast opp før Fagne sine arbeid mellom Villavegen og Hystadvegen er ferdigstilt og aktuelle høgspentanlegg er teke ut av drift eller lagt om slik at gravearbeida kan gjennomførast på ein trygg måte. Arbeida i Ekro og Eikevegen er ikkje avhengige av Fagne sine arbeid og kan gjennomførast parallelt med etableringa av ny høgspenttrase og tilhøyrande anlegg. Entreprenøren skal ta omsyn til desse avhengigheitene ved utarbeiding av framdriftsplan.

Eksisterande teknisk infrastruktur som ikkje skal sanerast og erstattast, skal ivaretakast gjennom anleggsperioden. Ein må pårekna tilpassingar og omlegging der tekniske infrastruktur er i konflikt med planlagt gravearbeid.

Kontrakt blir inngått på grunnlag av NS 8405 «Alminnelige kontraktsbestemmelser for utførelsesentrepriser». Evalueringssum er inkludert alle opsjonar og tilleggsarbeid.

Byggherren tar atterhald om igangsetting og gjennomføring av prosjektet ut frå budsjettmessige/økonomiske vurderingar, og statlege og offentlege godkjenningar. Oppstart føreset at oppdragsgjevar har fått på plass alle grunnavtalar, slik at oppstart kan bli utsett. Innkomne tilbod kan forkastast dersom byggherren ut frå budsjettmessige grunnar ikkje igangsett utbygginga.

2 Prosedyreform og kunngjering

Konkurransen vert gjennomført etter Lov om offentlege anskaffingar LOV-2016-06-17 nr. 73 (Loa) og forskrift om innkjøpsreglar i forsyningssektorene FOR-2016-08-12-975 (Fof) del I.

Leverandørar kan gje tilbod og oppdragsgjevar kan ha dialog med ein eller fleire leverandørar. Dialogen kan gjelde alle sider av tilbodet inkl. kvalifikasjonar og kan blant anna omfatta avklaringar og forhandlingar.

Oppdragsgjevar planlegg likevel å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å foreta eventuelle avklaringar/korrigeringar. Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottatt, vurdera det som hensiktsmessig. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ein vurdering av tildelingskriteria. Det presiserast at ingen leverandørar kan forvente dialog om sitt tilbod, og difor må levera sitt beste tilbod.

Frå og med 01.01.2024 skal offentlege oppdragsgjevarar som hovudregel vektlegge klima- og miljøomsyn med minimum 30 prosent.
Av forskrift om offentlege anskaffingar § 7-9 fjerde ledd går det fram at tildelingskriterium etter andre og tredje ledd kan erstattast med klima- og miljøkrav i kravspesifikasjonen, så lenge det er klart at dette gjev ein betre klima- og miljøeffekt, og dette vert grunngjeve i anskaffingsdokumenta.
For å eliminere usikkerheita knytt til måloppnåing, og sikre at klima- og miljøomsyn vert ivareteke på ein god måte, er det her lagt opp til å erstatte 30 prosent vekting av tildelingskriterium med ei rekke handfaste krav. Fleire av desse krava er i samsvar med tildelingskriteria føreslått av DFØ, og vil sikre effekt på områda desse kriteria er retta mot.
Etter vår vurdering er det klart at krava under samla sett vil gje ein betre klima- og miljøeffekt enn alternativet med 30 prosent vekting av klima- og miljøomsyn.

Krav om grunne grøfter:
Vassleidningen skal leggast i grunne grøfter i samsvar med prosjektert grøftetrase. Grunne grøfter fører til betydeleg mindre inngrep i naturen, mindre masseoverskot, mindre transport til bortkøyring av massar og mindre tilførte massar til gjenfylling i grøfta. Dette vil gje eit betydeleg lågare klimagassavtrykk for prosjektet.

Lagring/levering av asfalt:
Asfalt til prosjektet skal leverast til godkjent deponi på Stord vatn og avløp AS sitt område på Valvatna. Dette fører til korte avstandar for transport av asfalt til asfaltering, og vil på den måten redusere klimaavtrykket til prosjektet. Frest asfalt skal leverast til deponiet for gjenbruk.

Riggplass:

Stord vatn og avløp AS tilbyr riggplass ved Ekro 1. Dette fører til korte transportkostnader til og frå riggplass i prosjektet noko som vil reduserer klimaavtrykket.

Ombruk av kummar ved tilkoplingspunkt:

- Eks. vasskum SID 53523 i toppen av Rusti byggast om, med brannventil, ny samlestokk, ny drenering og ny PE ø280 tilkopling.
- Eks. vasskum SID 41869 og brannhydrant SID 41870 blir ståande og tilpassa nytt anlegg.
- Eks. vasskum SID 49872 nedstraums i Ekro byggast om, med ny ø180 tilkopling og ny samlestokk.
- SP og OV blir tilknytt eksisterande kummer nedstrøms i Ekro

Ombruk av kummer og ventiler vil gje ei klima og miljøeffekt då ein unngår innkjøp av deler, riving, transport og graving/sprenging for kum.

Gravefrie løysingar:

- Ivaretaking av kommunalt nett gjennom hagar i Rusti for å redusere gravinga. Det vert etablert ein ny spillvasskum S13 for å kople fellesleidning innpå eks. ø250 spillvassleidning ved 26/665. Eks. vassleidningar blir liggande og fellesleidning skal fungere som overvassleidning. Eks. anlegg blir kopla innpå nytt anlegg i S10/O10. Ved å gjere dette unngår ein mykje graving i eksisterande hagar.
- PEL til 26/365 og 26/366 blir trekt i eks. vassleidning som skal koplast frå. Då unngår ein graving for stikkleidning.
- Eksisterande leidningsnett gjennom hagane for Ekro 6, 8 og 10 utgår som hovudleidningar, men blir verande kommunale slik at Ekro 6, 8 og 10 opprettheld tilkoplinga si for OV og SP. Då unngår ein å pumpe eller at tilknyting av dei med ville ført til svært djupe grøfter.

Utvida krav til avfallshandtering:

Minst 80 vektprosent av byggavfallet skal sorterast i separate avfallsgrupper på byggjeplassen, i samsvar med avfallsstraumen som vert generert på byggjeplassen.

Det skal setjast i verk tiltak som redusera mengda med overskotsmaterial frå byggjearbeidet. Det som likevel oppstår av overskotsmaterial skal bli tilbyd marknaden for ombruk, anten direkte eller via aktørar som kan ta imot material og omsette det vidare.

Entreprenøren skal dokumentera at det er etablert returordning for trepallar etc., samt sjekke med leverandørar av anna gjenbrukbar emballasje om denne kan sendast i retur for gjenbruk.

Krav om EPD:

For røyr, røyrdelar, kummer og øvrige VA-produkt skal det føreligge gyldig tredjepartsverifisert EPD i henhold til NS-EN 15804 eller tilsvarande standard. Dokumentasjonen skal sendast til byggherre før bestilling av produkt.

3 Kontaktpersonar

Byggherre:

Stord vatn og avløp AS

Rundehaugen 45, Postboks 1263, 5406 Stord

Tarjei Limstrand, tlf. +47 948 08 478

Epost: tli@stordva.no

Byggeleiar:

Novaform

Ringvegen 30, 5412 Stord

Øyvind Kannelønning, tlf. +47 928 15 974

Epost: oyvind.kannelonning@novaform.no

Rådgivande ingeniør:

Multiconsult Norge AS

Kunnskapshuset, Sæ 132, 5417 Stord

Håkon Eskeland Børtveit, tlf. +47 906 97 516

E-post: hakon.bortveit@multiconsult.no

4 Grunnlag for tilbodet

4.1 Konkurransegrunnlaget

Følgande dokument og opplysningar dannar grunnlaget for konkurransen:

- Konkurransegrunnlaget del I. Dette dokumentet med vedlegg.

- Vedlegg 1: MAL FOR TILBODSBREV
- Konkurransegrunnlaget del II
- Avtaledokument – byggblankett til 8405 vil bli nytta
- Kontraktsføresegner
- Seriøsitetskrav («Stordmodellen»)
- Beskrivelse etter NS 3420
- Teikningar i samsvar med felles dokument- og teikningsliste for heile prosjektet
- Geologiske- og miljøgeologiske rapportar i samsvar med dokument- og teikningsliste for heile prosjektet
- SHA plan
- Eventuelle justeringar av konkurransegrunnlaget, og referat frå synfaring eller informasjonsmøte i samsvar med nedanståande føresegner.

4.2 Spørsmål til konkurransen

Leverandøren blir oppfordra til å ta kontakt med oppdragsgjevar i god tid før tilbodsfristen utløp dersom han finner at konkurransegrunnlaget inneheld uklåre moment, mangelfull informasjon eller forhold som leverandøren ikkje kan akseptere, slik at oppdragsgjevar får moglegheit til å vurdere om konkurransegrunnlaget bør presiserast, utdjupast eller endrast.

Førespurnaden skal framsettast skriftleg via det elektroniske konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV). Oppdragsgjevar vil publisera spørsmål og svar i anonymisert form via KGV. Tilleggsinformasjonen er ein del av konkurransegrunnlaget.
Dersom spørsmål stilles kort tid før tilbodsfristen sitt utløp, vil oppdragsgjevar vurdera om tilbodsfristen skal forlengast. Alternativet er å fastholde fristen, men unnlate å svare på spørsmålet.

4.3 Synfaring og informasjonsmøte

Det vil bli heldt ei synfaring . Oppmøte ved Ekro 1. Leverandørar må melde frå om de kjem.

Synfaring er ikkje obligatorisk, men tilbydar ber sjølv risikoen for manglande kjennskap til lokale forhold. Dersom ein leverandør har utelat å delta på synfaringa, vil oppdragsgjevar legge til grunn at leverandøren har same kunnskap om rammevilkåra for kontraktarbeid som dei leverandørane som deltok på synfaringa.

Det vert ført referat frå møtet/synfaringa som vil bli publisert via KGV. Referatet er ein del av konkurransegrunnlaget.

4.4 Viktige datoar

Kunngjering: 30.10.2026

Tilbodssynfaring: 11.11.2026 kl. 12.00, oppmøte ved Ekro 1.

Frist for spørsmål: 20.11.2026 kl. 12.00

Frist for innlevering av tilbod: 02.12.26 kl. 12.00

Val av leverandør: snarast

Klagefrist: 7 dagar etter kunngjering av val

Estimert oppstart: 15.02.2027, med atterhald om IG og grunneigaravtalar er på plass.

Ferdigstilling seinast innan: 17.01.2028.

Det vert gjort merksemd på at alle tidspunkt etter tilbodsfristen er tentative.

5 Tilbodet

5.1 Tilbodsutforming

5.1.1 Organisering av tilbodsdokumenta

Leverandør skal levere tilbodsbrev som minimum inneheld følgande opplysningar (sjå vedlagte mal):

- *Ekro, Rusti og Eikevegen VA-anlegg*
- Firmanamn og adresse
- Organisasjonsnummer
- Namn, telefonnummer og e-postadresse til leverandørens representant
- Stadfesting på at det ikkje føreligg avvisingsgrunnar tilsvarande dei som nemnt i Fof. § 20-2 (2).
- Stadfesting på at leverandøren oppfyller kvalifikasjonskrava, jf. Pkt. 6
- Dersom leverandøren støttar seg på underleverandørar for å oppfylle kvalifikasjonskrava, namn på underleverandør(ar)
- Uttømmande liste over eventuelle atterhald og avvik, jf. Pkt. 5.2.1
- Dersom tilbodet leverast av ei gruppe, namn og signatur frå alle firma i gruppa

I tillegg skal tilbodet innehalde:

- Dokumentasjon på tildelingskriteria, jf. pkt. 8 kolonne B: ”Dokumentasjonskrav”.
- Prisa beskrivelse i beskrivelsesfil og som xml
- Utfylt prisskjema
- Oppgåveforståing

Ein gjer tilbyder spesielt oppmerksam på at manglande innlevering av dokument kan føre til avvising av tilbodet.

5.1.2 Språk

Tilbodet og alt materiell i sambandmed oppdraget skal utarbeidast på norsk. All kommunikasjon undervegs i prosjektet skal føregå på norsk.

5.2 Innhald i tilbodet

5.2.1 Atterhald og avvik

Atterhald og avvik vil kunne føre til rett og plikt til avvising. I staden for å gje tilbod med atterhald/avvik bør tilbydar stille spørsmål undervegs i gjennomføringa av anskaffinga, jf. Pkt. 4.2. Eventuelle atterhald og avvik skal skildrast i tilbodsbrevet. Alle atterhald og avvik skal være presise og eintydige og skal innehalde ei anvising til kva punkt (er) i konkurransegrunnlaget som ikkje er oppfylt. Leverandøren kan ikkje skulde på atterhald og avvik som er skildra på anna måte. Eventuelle atterhald skal prisast etter beste evne og beløp vil takast med i evalueringa.

Tilbodet skal indeksregulerast. Kontraktssummen indeksregulerast etter totalindeksmetoden i samsvar med NS8405, bustadblokk i alt. Fyrste avregningsmånad reknast frå når kontrakt blir signert.

5.3 Mangelfull prisutfylling

Poster som ikkje er prisa er antatt innkalkulert i andre poster, med mindre anna er angitt i tilbodsbrevet

5.3.1 Deltilbod

Det er ikkje tillate å gje tilbod på berre delar av skildra arbeidsomfang, heller ikkje alternative tilbod.

5.4 Vedståelsesfrist

Tilbodet med alle opsjonar skal være bindande i 6 mnd. frå tilbodsfristen sitt utløp uavhengig av om opsjonane tiltrer ved kontraktsinngåingstidspunktet.

5.5 Levering av tilbodet

5.5.1 Krav til innlevering av tilbod

Tilbodet skal være skriftleg og bindande og leverast via konkurransegjennomføringsverktøyet som er nytta for denne konkurransen.

Dokumentasjonen skal leverast i eigna format som f.eks. PDF-format. Alle prisar i prisskjemaet skal fyllast ut og alle postar skal fyllast ut elektronisk anten i form av ei g-prog fil eller Excel/XML. Me oppfordrar til at man kontrollera alle dokument for eventuelle feil ved konvertering.

Husk å sette av tilstrekkeleg tid til registrering og innlevering i KGV. Det vil under innlevering av tilbodet bli bedt om ein elektronisk signatur for å stadfeste at det er aktuell tilbydar som har sendt inn tilbodet. Elektronisk signatur kan dykk skaffe på **www.commfides.com, www.buypass.no eller www.bankid.no.** Me gjer oppmerksam på at det kan ta nokre dagar å få levert elektronisk signatur slik at denne prosessen bør settast i gong i god tid før tilbodsfristen.

5.6 Offentleglova

I samsvar til § 23 i lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd av 19. mai 2006 nr 16 ("Offentleglova"), er tilbod unntatt offentlegheita kunn fram til leverandør er valt. Oppdragsgivar har
teieplikt om forretningshemmelegheiter i tilboda, jf. Fof § 7-3.

Ved krav om innsyn i leverandøren sitt tilbod vil oppdragsgjevar ta kontakt med leverandøren for å avklara kva opplysingar som er å rekne som forretningshemmelegheiter. Oppdragsgjevar har plikt til å
gjera ein sjølvstendig vurdering av kva som er omfatta av teieplikta, og leverandøren si vurdering kan difor ikkje automatisk leggast til grunn.

5.7 Tilbodskostnader

Leverandøren må sjølv dekke kostnadar til å utarbeida tilbod og andre kostnader han påførast ved å delta i konkurransen.

5.8 Tilbodsopning

Leverandørane vil ikkje få tilgang til å være til stade ved opning av tilboda.

5.9 Protokoll

Leverandørane vil på førespurnad få innsyn i anskaffingsprotokollen i samsvar med reglane i Fof og offentleglova

6 Kvalifikasjonskrav

6.1 Generelt

- *Stadfesting på at kvalifikasjonskrava er oppfylt*

Leverandøren skal i tilbodsbrevet stadfeste at kvalifikasjonskrava i konkurransen, slik disse er angitt i kolonne B i tabellen nedanfor, er oppfylt. Dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrava, skal ikkje innleverast saman med tilbodet.
Oppdragsgjevar kan på eitkvart tidspunkt i konkurransen etterspør dokumentasjon som angitt frå alle deltakarane i konkurransen.

6.1.2 Tilbod frå gruppe

Dersom tilbydaren består av ei gruppe med to eller fleire deltakarar (prosjekteringsgruppe, arbeidsfellesskap, mv.) skal tilbodet signerast av alle firma i gruppa. Kvart enkelt gruppemedlem skal levera «skatteattest» og oppfylle kravet til «skikka for » og «økonomisk og finansiell kapasitet». Gruppa skal i fellesskap oppfylle krava til tekniske og faglege kvalifikasjonar, eventuelt ved bruk av underleverandørar.

I tilbodet skal det stadfestast at kvalifikasjonskrava i konkurransen er oppfylt, jf. Pkt. 5.1.1. Stadfestinga vil gjelda for alle leverandørar i gruppa. Dokumentasjon på gruppedeltakarane si oppfylling av kvalifikasjonskrava skal ikkje leverast saman med tilbodet, jf. Pkt. 5.1.1.

6.1.3 Støtte frå andre verksemd

Dersom tilbydaren er avhengig av å støtte seg på ein underleverandørs kvalifikasjonar for å oppfylle eit eller fleire tekniske/faglege kvalifikasjonskrav, eller for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, skal det opplysast om dette i tilbodsbrevet.

Dokumentasjon frå underleverandøren på at han oppfyller dei aktuelle kvalifikasjonskrava skal ikkje innleverast som ein del av tilbodet, men leverast seinast før kontrakt signerast.

Underleverandørane som leverandøren nyttar for å oppfylle eit eller fleire tekniske/faglege kvalifikasjonskrav må på førespurnad levera ein stadfestingserklæring der det stadfestast at det stillast til råd dei ressursane som leverandøren treng for å bli kvalifisert.

Føretak som leverandøren støttar seg på for oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet må på førespurnad levera ein stadfestingserklæring der det går fram at føretaket er solidarisk ansvarleg med leverandøren.

Oppdragsgjevar kan på eitkvart tidspunkt i konkurransen etterspør ovannemnt dokumentasjon.

6.2 Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling

A: Kvalifikasjonskrav	B: Dokumentasjonskrav
Leverandør skal vera lovleg registrert	Oppdragsgivar etterspør naudsynt dokumentasjon seinare. Norske leverandørar: Firmaattest Utanlandske leverandørar: Attestar for registrering i faglege register som bestemt ved lovgiving i det land kor leverandøren er etablert.

6.3 Leverandørens økonomiske og finansielle soliditet

A: Kvalifikasjonskrav	B: Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal sannsynleggjere økonomisk kapasitet til å gjennomføre kontrakten.	Oppdragsgivar etterspør naudsynt dokumentasjon seinare. Dokument gjennom: Kredittvurdering/rating, ikkje eldre enn 12 månadar, og som basarar seg på relevante reinskapstal. Ein rating skal vera utført av offentleg godkjent kredittvurderingsinstitusjon. Minimumskrav – leverandør skal vera kredittverdig (kredittrating A eller tilsvarande). Framlegging av utskrift frå rating frå Dun & Bradstreet, Experian eller tilsvarande. Dersom leverandør meiner at dette ikkje gir eit korrekt bilete av den økonomiske kapasiteten skal dette utgreiast. Oppdragsgivar kan også innhente ytterlegare dokumentasjon og vurderingar om leverandøren sin økonomiske situasjon og nytte dette i kvalifikasjonsvurderinga.

6.4 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

A: Kvalifikasjonskrav	B: Dokumentasjonskrav
Leverandør eller leverandørens personell skal ha relevant erfaring med minimum to oppdrag av tilsvarande størrelse og kompleksitet, utført i samsvar med kontrakt. Det er krav om at leverandør har erfaring med etablering av PE og PVC-leidningar i tradisjonell VA-grøft og har ADK-bevis og gyldig sveisesertifikat	Oppdragsgivar etterspør naudsynt dokumentasjon seinare. Liste over relevante oppdrag som er utført i løpet av dei siste 5 år. Lista skal innehalde informasjon om oppdragets omfang og referanseperson. Referanseperson kan bli kontakta, og det vil vera leverandørens ansvar at referansepersonen lar seg kontakte.

i aktuell trykk-klasse og dimensjon.	
Kvalitetssikrings-/styringssystem som er tilstrekkeleg for å gjennomføre kontrakten.	Oppdragsgivar etterspør naudsynt dokumentasjon seinare. Leverandør skal gje ein utgreiing for leverandørens kvalitetssikrings-/styringssystem som er innført eller planlagt nytta ved utførselen av leveransen. Dersom leverandør ikkje har eit tredjepartssertifisert system for kvalitetssikrings-/styringssystem skal leverandøren skildre rutinar og tiltak som vert iverksett ved utføring av leveransen, og som syner at leverandøren har eit eige kvalitetssikrings-/styringssystem og dokumentere mål.
Miljøstyringssystem som er tilstrekkeleg til å gjennomføre kontrakten.	Oppdragsgivar etterspør naudsynt dokumentasjon seinare. Leverandøren skal gje ei skildring av miljøleiingssystemet leverandøren har innført eller planlegg å nytte ved utføringa av leveransen. Dersom leverandøren ikkje har eit tredjepartssertifisert miljøleiingssystem, skal leverandøren skildre rutinar og tiltak som skal implementerast til miljøleiing ved utførselen av leveransen, og som viser at leverandøren har ein eigen miljøstrategi og dokumenterte miljømål.
Tilfredsstillande kompetanse hjå nøkkelpersonell som inngår i oppdragsorganisasjonen. Det er krav om at leverandørens anleggsleiar/prosjektleiar for grøftearbeider har erfaring med etablering av PE og PVC leidningar i tradisjonell VA-grøft	Oppdragsgivar etterspør naudsynt dokumentasjon seinare. Leverandørens organisasjonsplan med nøkkelfunksjonar og kven som innehar de rollene. Personell i organisasjonsplan og nøkkelfunksjonar skal delta i oppdraget. Eventuelt bytte av personell skal godkjennast av byggherre. Opplysingar om utdanning og fagleg kvalifikasjonar hjå leverandørens nøkkelpersonell, til dømes CV. Liste over relevante oppdrag som anleggsleder/prosjektleiar tilbydt har utført med etablering av PE og PVC-leidningar i tradisjonelle VA-grøft i løpet av de siste 5 år. Referanseperson kan bli kontakta, og det vil vera leverandørens ansvar at referansepersonen lar seg kontakte.

Tilfredsstillande kapasitet	Oppdragsgivar etterspør naudsynt dokumentasjon seinare. Bemanning og utstyr leverandøren råder over til gjennomføring av oppdraget.

Oppdragsgjevar tar atterhald om retten til å vektlegge eigne erfaringar med leverandøren.

6.4.1 Skatteattest

Valte leverandør skal på førespurnad levera skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Attesten skal ikkje være eldre enn 6 månadar rekna frå tilbodsfristen.

Valte leverandør skal også levere skatteattest frå alle underleverandørar ved inngang av kontrakt som overstig ein verdi på 500 000 kroner ekskl. mva. Attestane skal leverast når kontrakt med den aktuelle underleverandøren blir inngått.

7 Bruk av underleverandørar og tall på ledd i leverandørkjeda

7.1 Maksimalt tall på ledd i leverandørkjeda

Leverandøren kan ha maksimalt to ledd i leverandørkjeda under seg.

7.2 Opplysningar om underleverandørar som leverandøren ikkje støtter seg på

Opplysningar om andre underleverandørar enn dei leverandøren støtter seg på for å oppfylle kvalifikasjonskrava skal bli gitt i god tid før dei aktuelle arbeida blir igangsett.

8 Tildelingskriteria

Tildeling av kontrakt vil skje på grunnlag av tildelingskriteria gitt i nedanståande tabell. Evalueringssum er inkludert alle opsjonar og tilleggsarbeid.

Dokumentasjon på tildelingskriteria, slik dette er gitt i kolonne C nedanfor, skal leverast saman med tilbodet, jf. Pkt. 5.1.

A: Tildelingskriteria	**B: Vekt**	**C: Dokumentasjonskrav**	**D: Tilbods-vedlegg**
Pris*	70%	Utfylt prisskjema (vedlagt konkurransegrunnlagets del I)	Tilbods-vedlegg 1.1

		Utfylt mengdebeskrivelse i XML/GAP-format og PDF av mengdebeskrivelse (konkurransegrunnlagets del II, dokumentgruppe B1)	Tilbods-vedlegg 1.1
		Eventuelle atterhald og/eller avvik	Tilbodsbrevet
Prosjektforståing**	30%	Tilbydar skal levere ein detaljert gjennomføringsplan for korleis entreprenøren vil gjennomføre prosjektet. Følgjande forhold skal minimum omtalast: • Planlagde angrepspunkt og fasar i prosjektet. • Korleis entreprenøren legg opp til effektiv framdrift og koordinering mellom ulike arbeidsoperasjonar. • Korleis tilkomst for bebuarar, utrykkingskøyretøy, renovasjon og annan trafikk skal ivaretakast gjennom anleggsperioden. • Beskriving av identifiserte utfordringar i prosjektet og entreprenøren sine forslag til løysingar. • Organisering, ressursbruk og bemanning. Tilbodet skal innehalde ein overordna framdriftsplan som viser planlagt byggetid og hovudaktivitetar frå oppstart til ferdigstilling. Det vert lagt vekt på at framdriftsplanen framstår som realistisk, gjennomførbar og godt tilpassa dei tekniske og logistiske utfordringane i prosjektet. Sluttdokumentasjonen skal inngå i framdriftsplanen som del av byggetida. Sluttdokumentasjon på VA-anlegg skal være overlevert byggherren 28 før overtakingssynfaring, anna	Tilbods-vedlegg 1.2

		sluttdokumentasjon 14. dagar før overtakingssynfaring. Prosjektforståinga skal vere på maksimum 4 A4-sider eksklusive framdriftsplan.	

* I evalueringa av pris vil den leverandør som har lågast pris får poengsummen 10. Øvrige leverandørar får eit fråtrekk i poeng som tilsvara prosentvis avstand frå lågaste leverandør. 10% høgare pris enn lågaste tilbod gir soleis poengsummen 9 (10 minus 10% av 10). Poenga blir avrunda normalt til ein desimal, men ved liten prisforskjell nyttast så mange desimalar som er nødvendig for å skilje mellom tilboda.

** I evalueringa av prosjektforståing vil den leverandør som er vurdert til best skildring av punkta lista opp under prosjektforståing få poengsummen 10. Øvrige leverandørar vil få eit fråtrekk basert på oppdragsgjevar si innkjøpsfaglege vurdering av forholdet mellom beste prosjektforståing og tilbudd prosjektforståing.

Vedlegg til konkurransebeskrivelsen

VEDLEGG 1: MAL FOR TILBODSBREV

Namn på konkurransen

Ekro, Rusti og Eikevegen

Kontaktinfo

Firma: .....

Organisasjonsnr.: .....

Adresse: .....

Leverandørs representant:

Namn: .....

E-post: .....

Telefon: .....

Kvalifikasjonskrav og avvisningsgrunner

Det stadfestast at leverandøren (evt. med støtte frå andre virksomheter) oppfyller kvalifikasjonskrava i pkt. 6.

Det stadfestast at det ikkje føreligg avvisningsgrunnar tilsvarande dei som nemnt i Fof § 20-2 (2).

Støtte frå andre verksemder

Leverandøren støtter seg på andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava i konkurransen.

☐ Nei (sett kryss)

☐ Ja (sett kryss og angi namn på underleverandør (ar))

Atterhald og/eller avvik

☐ Tilbodet inneheld ingen atterhald eller avvik (sett kryss)

☐ Tilbodet inneheld følgande atterhald og/eller avvik:

Prisskjema

Tilbydd pris eks. mva.

01. Rigg og drift	NOK:
02. Sum tilleggsarbeid (sum tilleggsarbeid i beskrivelsen)	NOK:
03. Riving og klargjøring	NOK:
04. Grunnarbeider	NOK:
05. Veganlegg	NOK:
06. Vann og avløp	NOK:
07. Utendørs elkraft	NOK:
08. Utendørs elkraft - Fagne HS trase	NOK:
Atterhald og avvik:	NOK:
Total sum for evaluering/kontraktssum	**NOK:**
25% MVA	NOK:
Total sum inkl. MVA	**NOK:**

Vedlegg

- Utfylt mengdebeskrivelse
- Prosjektforståing

Signatur

…….. ……..

Sted, dato. Leverandøren si underskrift

Om tilbodet leverast av ei gruppe, skal tilbodsbrevet signerast av alle firma i gruppa

…… …….

Namn på firma Signatur

…… …….

Namn på firma Signatur

…… …….

Namn på firma Signatur